

# Årsmelding 1977

---

Det styret som vart valt på siste årsmøte var:

Dagfinn Sande (formann), Sissel Molvik, Gunn Elde, Fredrik Skare, Jorunn Worren, Dagfinn Bringsvor, Olav Sandsbakk og Inge Skare.

I året 1977 har det vore 4 styremøter.

Med idrettsplassen har vi ikkje kome noko lenger, på grunn av tekniske problem. Det er tvilsamt om vi får opparbeidd idrettsplassen i 1978.

Aktivitetane var i året 1977 ikkje så mange som venta, men det viser seg at interessa har vore lita.

Gutelaget i fotball har vore i aktivitet, og er i god framgang.

Fotballaget har dessutan arrangert kaketombola tidlegare i sommar, der dei fekk inn 732 kr.

Treninga for jentene er også i aktivitet, og dei trenar ein gong i veka.

Det blei også set i gang trim for vaksne menn, men oppslutninga var lita. Berre to møtte fram.

Det årlege terrengløpet blei arrangert den 22. mai og deltakarar frå Åram og Kvamsøy møtte fram.

Så vi kan sei at det som først og fremst manglar er interesse og vilje til å ta seg av ungane i treningar, konkurransar og liknande.

Til slutt vonar vi at det nye styret vil verte litt meir aktivt enn det gamle.